

Hovudfunn:

”Vi ser av kombinasjonene med høyest gjensidig andel at geografisk nærhet betyr mye. Som i 2014 er Ørsta og Volda de to kommunene som har høyest andel gjensidig valg. 86 prosent av innbyggerne i Volda ønsker å slå seg sammen med Ørsta, mens 93 prosent av innbyggerne i Ørsta ønsker å slå seg sammen med Volda. På andreplass finner vi kombinasjonen Ulstein-Hareid, som er ønsket av 78 prosent av innbyggerne i Hareid og 91 prosent av innbyggerne i Ulstein.”

Kva tyder dette?

Jau, dersom innbyggerane vart stilt overfor tvang, valde 78 prosent av dei 100 som vart spurde i den datastyrte telefonundersøkinga å slå seg saman med berre Ulstein. Korleis kan vi tolke dette. Jau, dersom det vert tvang, eller dersom alternativet er samanslåing med Ålesund, Runde eller andre, då vel ein Ulstein. Dette tyder ikkje at 78 prosent ønskjer å slå seg saman med Ulstein dersom alternativet er å stå åleine, eller dersom det ikkje blir tvang. No er det verken eit alternativ å slå seg saman med Ålesund eller Runde, og det er heller ikkje aktuelt med tvang, økonomisk eller på annan måte – og dermed er ingen av vilkåra som låg til grunn for svaret til dei 78 prosent tilstades lenger. Kan ein då hevde at 78 prosent av innbyggerane ønskjer å slå seg saman med nabokommunen?

Vi kan sjekke dette ved å gå til spørsmålet om kva kommune ein valde å spørje om i undersøkinga.

”Vi ser av kombinasjonene med høyest gjensidig andel at geografisk nærhet betyr mye. Som i 2014 er Ørsta og Volda de to kommunene som har høyest andel gjensidig valg. 86 prosent av innbyggerne i Volda ønsker å slå seg sammen med Ørsta, mens 93 prosent av innbyggerne i Ørsta ønsker å slå seg sammen med Volda. På andreplass finner vi kombinasjonen Ulstein-Hareid, som er ønsket av 78 prosent av innbyggerne i Hareid og 91 prosent av innbyggerne i Ulstein.”

Kan dette tolkast som eit ønskje frå innbyggerane i Hareid om at dei no ønskjer å verte slegne saman med Ulstein? For kva anna alternativ, eller logiske minste samanslegne eining får positivt utslag i undersøkinga – jau, nabokommunar. Kven hadde tenkt det? Undersøkinga kan slå fast at det er kommunar som grensar til kvarandre som får utslag til å slå seg saman med kvarandre, og følgeleg bør det vere nettopp desse som vert skildra som ”ønsket av 78 prosent av innbyggerne.”

Hareid har inga anna nabokommune som er nærare enn Ulstein, så den logiske svarprosenten på dette spørsmålet skulle til rett vere 100 prosent av dei 100 spurte. Men her har altså 22 av dei spurte svart at dersom vi eventuelt skulle slå oss saman, uavhengig av om ein er samd eller ikkje – ja, då er det ei anna kommune vi har meir grense mot enn Ulstein. Vi står altså då att med 78 prosent som har rett i at Ulstein er den kommunen vi grensar mest mot – og derfor er Ulstein svaret på samanslåing.

Forstår vi no kor fullstendig meiningslaust det er å stille slike spørsmål på ei datastyrt telefonundersøking – og kor falske dei politiske argumenta vert når tala frå undersøkinga vert brukte som eit viktig argument i den største demokratiske endringa der vi bur nokon gong? Når eine avisoverskrifta etter den andre – når representantar frå Ventre og FrP – når ein her i saksutgreiinga går ut og seier at det er eit stort fleirtal for at Hareid og Ulstein skal slåast saman. Dette store fleirtalet er altså 100 personar frå 15 år og oppover som har vorte oppringde av ei automatisk telefonundersøking med eit leiiande spørsmål om at sjølv om du ikkje ville, men måtte på grunn av tvang – først stilt ovanfor alternativa Ålesund og Runde – og var nøydd også til å svare – kva var minst verst – jau, då seier xx personar at ok – skriv

Ulstein då. Dette er det store folkekravet. Det er Annika Brandal sine vener på Facebook, det er Facebook-kampanjen til Ole Frank Bakken, likt av 80 personar, dei fleste heimehøyrande utanfor kommunen. Det er personar som skriv i avisa medan dei er stilt ovanfor alternativet om Runde-namnet eller Ålesund. Då reagerer ein slik: er ikkje det nok med Ulstein i første omgang?

Dette er ikkje eit folkekrav. Folkekravet er til dømes Facebook-sida Ja til Hareid som eiga kommune med 400 unike brukarar frå Hareid. Det er 74 prosent i ei folkerøysting som har dobbelt så stor deltaking som vanleg mellom valår. Slike folkerøystingar brukar å ligge på 20-30 prosent.

Dersom ingen hadde nemnt kommunereform, hadde nok ingen arbeidd med felles kommuneplan over eidet – men det er ikkje noko i vege for å gjere frå to kommunestyre. Det er berre at felles reservevasskjelde eller andre samarbeidsprosjekt ikkje har noko med lokaldemokratireformen å gjere. Vi kan samarbeide og likevel halde på sjølvrådet over skular, barnehagar, disponering av areal, eigen sjukeheim og bibliotek utan at ein halverer det lokale sjølvstyret.

No skal eg ikkje kome inn på gjeld – anna enn å minne om at dersom Hareid går saman med Ulstein – er ikkje vår økonomi rigga til auka netto rente- og gjeldsbelastning som kan true dei små, effektive og trygge tilboda i nabolaga våre. Det er snakk om kanskje to millionar i året. Det er meir enn endringa i inntektssystemet.

Noko kan vi likevel lære av undersøkinga. Nemleg det faktum at fleirtalet av desse 100 spurte ikkje trudde tenestetilbodet eller kvaliteten i tenestene ville endre seg ved ei samanslåing. Det forklarar kvifor innbygarane røysta for å halde fram som før. Dei såg ikkje poenget.

At 46 prosent svarar at rådhusplassering ville vere viktig forklarar berre at det var eit spørsmål med fast svar om rådhus. Dersom ein heller hadde intervju, djupteintervju med sjansen til å svare grunngjevne, opne spørsmål – ville du fått 46 prosent som meinte at skulen eller SFO i gangavstand til heimen var viktig. Det er viktig for oss at born kan gå eller sykle til og frå SFO tidnok til å rekke middag og så trening klokka fem. Det er ei av dei mest brukte kommunale tenestene som mange er svært glade for og som vi er svært avhengig av. Sidan alle er på arbeid til klokka fire, kan ikkje dei yngste borna gå på laust i fleire timar kvar einaste skuledag heile året. SFO på Bigset vart redda av berre fire stemmers overvekt i Hareid kommunestyre no i haust. Korleis ville vi greidd dette dersom røystinga skulle føregå i eit nytt UlsHar kommunestyre? Då er sjansen stor for at borna ikkje hadde noko tilbod i det heile. Dette er meir verdt enn at kommunen får ein felles, effektiv og rask og robust arealplan i ei brått supereffektiv U+H kommune. Det kan vi greie likevel. Vi vert uansett ikkje kvitt SSR, Tussa, SSIKT, Felles barnevern, felles øk/pers osv. Dette har vi i Sjustjerna.

Så til fakta om utvikling.

Vil Ulstein Hareid ha ei større satsing på utvikling av to sentrum enn det vi har i dag? Går det an?

Eit av sentruma vil få ei halvering eller meir av offentlege arbeidsplassa. Kanskje 100 eller 150 mindre i kvar kommune. Desse arbeidsplassane er okkuperte av ein person som bur, saman med ein annan arbeidstakar og familien sin – kanskje i nærleiken av arbeidsplassen. I Hareid bur fleirtalet av dei tilsette i Hareid. Halvparten av desse vil truleg få arbeidsplassen sin i Ulsteinvik by på eit eller anna tidspunkt. Då vil den andre halvdel av den arbeidsaktive i familien gjere eit val når ein søker arbeid neste gong – og sjansen for flytting er dermed større. Dette er bevist gjennom absolutt alle kommunesamanslåingane som Stensvaag gjekk gjennom frå førre reform til i dag. Dei lokale døma er Vartdal, Sæbø, Rovde, Leikong og fleire. Slik vil vi ikkje har det i Hareid.

Kva har så gjort at Ulstein har skote slik fart. Jau, forklaringa ligg i tilfeldige formuer som vart investert lokalt og ikkje internasjonalt eller i andre delar av landet i næringar som ikkje har gått så bra på 70- og 80 og 90-talet som bygging av supplybåtar. Forklaringa ligg også i at Hareid har jamnare forhold mellom krinsane, slik at sentrum har ikkje hatt den farta i Hareid som sentrum i Ulsteinvik. Krinsane elles er like både i Ulstein og Hareid – så det er sentrum ein må snakke om.